

**Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga**

Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 10.01.2013

Vår ref: 2011/3459 - 686/2013 / 243

Dykkar ref:

**Søknad om fylkeskommunalt investeringstilskot med regional og nasjonal verdi - Stord Hestesportsenter**

Stord Hestesportsenter er under etablering på Stord.

Senteret har 7 ulike anleggseiningar. I fjor vart det for fyrste gong søkt om spelemidlar til fylgjande anlegg (søknadane er fornya i år):

Eining	Kostnadsramme	Søknadssum	Ikkje Spelemiddelgodkjende kostnader
Ridehall	6 620 000	1 500 000	588 000
Klubbhus	3 240 000	700 000	55 000
Stall	4 723 000	1 000 000	61 000
Garderobeanlegg	2 732 000	500 000	21 000
Lager	2 378 000	700 000	
Utandørsbane	2 483 000	700 000	82 000
Ridestig	3 231 000	700 000	
SUM	25 407 000	5 800 000	807 000

Samla gjev dette anlegget ein verdi på 26.214.000,- kroner. Utandørsbane med lys er snart ferdig og det vert jobba hardt med å få starta på sjølve hallen no i vår. For detaljar syner me til vedlagde søknad frå Stord Hestesportssenter

I fylkesdelplan Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv står mellom ann fylgjande: Hestesporten er under utvikling, spesielt som aktivitet for jenter. Mangelen på anlegg er stor, og det er naudsynt å styrkje anleggsdekninga i Hordaland. Dette er noko Stord kommune er samd i og synest det er gledeleg at det no kan verte etablert eit slikt stort og fint senter her.

Tida for å realisera anlegget er ideell i og med at senteret har fått 4 millionar kroner i programsatsingsmidlar frå Kulturdepartementet. At departementet går inn med store midlar er med på å styrkja kor viktig det er å få plass eit slikt anlegg. Private aktørar medverkar og sterkt, sidan heile senteret no vert flytta frå Tyse og opp mot E 39.

Anlegget ligg nært tilknytt andre idretts- og friluftsanlegg som til dømes senter for islandshestar, golfanlegget, Nordbygdo ungdomsskule og Prestagardsskogen idrettspark. Ein vil kunne få tilreisande frå store delar av Sunnhordland, men spesielt Stord, Bømlo, Fitjar og Sveio. Å få eit slikt regionsanlegg vil styrkja hestesporten generelt og dei ulike retningane spesielt.

Å få etablert eit hestesenter på Stord trur me vil redusera fråfallet av jenter frå idretten. Me vonar sjølvstarkt og på auka rekruttering. Sidan anlegget er universelt utforma vil det verte tilpassa slik at menneske med nedsett funksjonsevne og kan få høve til å ri. Me ser for oss at det no vert danna eit stort og godt miljø for hestesport, og det vil verte høve for dei som ikkje har eigen hest til og å få prøva denne idretten. Rideskule kan og verte eit spanande tilbod. Begge delar er noko som har

vore etterspurt. Stord kommune har lenge sett trongen for å få samla hestesporten på eit eigna anlegg, men det har ikkje tidlegare vore areal og semje om einast om ein stad. No er dette på plass og alt ligg til rette for at senteret kan verte snarleg realisert. Stord kommune vil arbeida for å få anlegget med i Regional plan for Sunnhordland ved neste rullering. Fullt utbygd vil ein kunne ha stemner/arrangement i regionen og for einskildaktivitetar for endå større geografiske område.

Anlegget har ein verdi i høve spelemidlar på 25.407.000,- kroner men her er og ikkje stønadsretta kostnader på 807.000,- kroner. Det kan søkjast om 5.800.000,- kroner i spelemidlar og det er som nemnd kome 4.000.000,- kroner i programsatsingsmidlar frå Kulturdepartementet. Klubbane gjer og skal gjera ein kjempeinnsats i form av dugnad, og dei har henta inn store verdiar i form av gåver/rabattar. Likevel er dette eit kjempelyft for klubbane å ta, og dei treng difor økonomisk stønad frå fylket.

Me søkjer med dette om eit fylkeskommunalt investeringstilskot på 3 millionar kroner for å ferdigstillå Stord Hestesportsenter.

Erklæring frå Norges Rytterforbund ligg ved i saka.

Dersom her er noko manglefullt/uklårt kring dette ber me om at det vert teke kontakt med underteikna.

Vonar på snarleg og positivt svar.

Med helsing



Sylve Rusten

Vedlegg:

Stord Ride og køyreklubb/Stord Hestesportssenter - Søknad om fylkeskommunalt tilskot  
Uttale frå Særforbundet

Kopi til:

Stord Ride- og Køyreklubb      Pb 725    5404    STORD